

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **10. februar 2020** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov. Han ønskte nestleiar Valen og nytt medlem Lier velkommen til sitt fyrste møte.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 20.05
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Solfrid Aasen (Sp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. varamedlem Per S. Wathne (KrF)
FORFALL:	Gustav Eidsvåg (Frp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS Haugesund Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland og Annbjørg Ryssdal, Deloitte AS Bergen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Økonomisjef/ass. rådmann Peter Olav Lura
ANDRE SOM MØTTE:	Varaordførar Ruth Østebøvik Eriksen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.11.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 25.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 25.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/20 PLAN FOR ORIENTERINGER OM RESULTATOMRÅDA OG STABSFUNKSJONANE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 04.05.20
Møtet 22.06.20
Møtet 14.09.20
Møtet 16.11.20
1. møte 2021
2. møte 2021
3. møte 2021
4. møte 2021

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Utvalet kom med framlegg om kven dei ønskte skulle bli invitert framover. Ny sak vert lagt fram for utvalet neste år. Utvalet slutta seg til framlegga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

<i>Møtet 04.05.20</i>	<i>Rådmann Jostein Førre</i>
<i>Møtet 22.06.20</i>	<i>Kommunalsjef helse og omsorg Ingunn Toft</i>
<i>Møtet 14.09.20</i>	<i>Kommunalsjef skule og oppvekst Solfrid Lier Habbestad</i>
<i>Møtet 16.11.20</i>	<i>Kommunalsjef teknisk Kenneth Tollefsen</i>
<i>1. møte 2021</i>	<i>Hovudtillitsvald (HTV) og hovudverneombod (HVO)</i>
<i>2. møte 2021</i>	<i>Personalsjef Monica Hovda Madsen</i>
<i>3. møte 2021</i>	<i>Rektor v/Sveio barne- og ungdomsskule (om mogeleg besøk)</i>

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 3 /20 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2019

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2019. slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2019 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Utvalet slutta seg til innhaldet slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2019 slik ho ligg føre.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2019 til orientering.

SAK 4/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.02.20

1. Statusrapport pr. januar 2020
2. Kommunestyrevedtak 09.12.19, sak 114/19 – Nytt val av kontrollutval 2019- 2023
3. Komm.styrevedtak 09.12.19, sak 115 - Namneendring – Sveio kontroll- og kvalitetsutval
4. Rekneskapstall 2019 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
6. Innkalling til representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
7. Tilbakemelding/evaluering - konferansen i Sandnes 09.01.20 v/leiar og nestleiar
8. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland 2019
9. Tilbakemelding/evalu. – NKRF - Kontrollutvalskonferansen 29.-30.01.20 v/nestleiar
10. Årsrapport og skatterekneskap 2019 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Sekretær orienterte. Nestleiar opplevde konferansen som svært bra. Foredraga er filma og kan sjåast via *nkrf.no*. Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 10 til orientering.

SAK 5 /20 ARBEIDET MED FORVALTINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PROSESSMØTE 1 MED RISIKOSPEL

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Forvaltningsrevisor Gjuvsland orienterte om bakgrunn for arbeidet og deira opplegg for kvelden. Utvalet deltok så aktivt med i spelet ved å sette små brikker på eit stort Brett. Medlemmane kom med sine vurderingar og kommentarar underveis. Revisor Ryssdal noterte seg desse. Varaordførar og ass. rådmann svara på spørsmål frå utvalet og revisor, og kom med saksopplysningar under spelet.

Utvalet fant det interessant å kunne føre fram sitt syn om kor kommunen har utfordringar og kor det kanskje burde vere meir kontroll. Revisor lova at analyse og utkast til nye planar til vere klår i juni.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 10.02.20:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar innspela som kjem fram under risikospelet i regi av Deloitte AS til orientering.

Utvalet kjem tilbake til saka når Deloitte sine ROV-vurderingar og utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er ferdige og prosjekta skal prioriterast.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter vedtatt møteplan er neste møtedato måndag **5. mai 2020**.

Sveio/Aksdal, 10. februar 2020

Ole Ørjan Hov
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær